

Sakspapir

Sakshandsamar:	<i>Ketil Tjore</i>		
Arkivsaknr.:	23/1191	Klassering:	FE-033

Møteplan for 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til tilråding/vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i vedlegget.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Møteplanen er sett opp som dei siste siste åra.

- Det er sett opp med tanke på at saker skal gjennom ulike utval før formannskapet og kommunestyret.
- Det er sett opp eit todagars møte i mai i samband med arbeidet med budsjett 2024, og økonomiplan for 2024-2027. Her kan kommunestyret også handsama vanlege saker den eine eller andre dagen, om det er naudsynt.
- Dei tre råda kan ha fellesmøte i juni for å gje uttale til budsjettarbeidet frå FS og KS i mai, og likeins i november for å gje høyring til budsjett 2024, og økonomiplan for 2024-2027.
- Torsdag er den vanlege møtedagen for politiske møte i Austrheim.
- Formannskapet startar klokka 09.00, med unntak av dei dagane det er administrasjonsutval først. Då startar administrasjonsutvalet først, og formannskapet klokka 10.00.
- Kommunestyret startar klokka 18.00, med unntak av junimøtet og budsjettmøtet i desember, som begge startar klokka 15.00.
- Møte i formannskap, levekårsutval og kommunestyre er i kafeen på samfunnshuset, desse møta vert streama og ligg deretter på KommuneTV.
- Alle møte som er offentlege, kjem med på møteplanen på heimesida.
- Kontrollutvalet vedtek sin eigen møteplan, som blir påført her i etterkant.

Vurdering

Møteplanen skal sikra at politiske saker kan handsamast jamt utover året, samstundes som det er rimeleg tid for høyringsinnspel til budsjett og anna.

Konklusjon

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i vedlegget.